


Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

Reguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing for Nesfossen smolt, gnr. 56 bnr. 14 m.fl., Lindås kommune



Planen blir fremma som ei detaljregulering etter § 12-3 i pbl. Lindås kommune har stilt krav om planprogram i samsvar med § 4-1 i pbl. Planprogrammet kan sjåast og lastas ned via nettsida www.ardarealplan.no eller www.lindas.kommune.no.

Nesfossen smolt as er tiltakshavar.

Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet.

Nesfossen ligg nordvest i Lindås kommunen i nærleiken av Hundvin mot Lurefjorden. Området som skal regulerast er på ca. 40 daa, like nordvest for eksisterande smoltanlegg til Nesfossen as. Planområdet er i kommuneplanen avsett til LNF og industriføremål. Eksisterande anlegg er ikkje regulert, men er i samsvar med overordna plan og difor tek ein dette arealet med inn i same reguleringsplan for at heile industriområdet skal vere regulert. Planframlegget legg opp til utviding av eksisterande industrianlegg, med sjøvatnbasert anlegg for smoltproduksjon med dei installasjonar som høyrer til eit slikt anlegg. I dag består området av eit eksisterande smoltanlegg, samt nokre næringsbygg, kaianlegg og strandsone.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som gjeld planprogrammet, planen sine løysingar eller særskilde behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til: Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen. E-post: post@ardarealplan.no.

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Lindås kommune. Alle mottatte dokument, merknader og andre innspel vil verte sendt Lindås kommune saman med planforslaget.

Frist for merknader er sett til **04.09.2015**.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte Ard arealplan as. Tlf. 55 31 95 00.

Ard
arealplan